

## Til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, ref.:2016/573-115

Rapport og rekneskap for prosjektet, *Fordjupning og produksjon av nye kunstverk til Separatutstilling Bryggens Museum, 22.10.2016- 19.02.2017.*

Tilskot frå Hordaland Fylkeskommune, Kunstprosjekt og kulturtiltak-profesjonell- våren 2016 Saksnummer 2016/573.



Detalj, Så lenge skuta kan gå...., foto Pål Hoff

Fyrst mange takk for tilskotet på kroner 17 000, desse pengane var heilt avgjerande for at eg kunne leiga Prosjektrommet i C Sundsgate og såleis få stor nok plass til å produsera kunstverka til utstillinga, og arbeida på fleire verk samstundes.

Prosjektet vart gjennomført etter planen, og var positiv både for mi kunstneriske utvikling og for publikum som gav fin respons.

Eg hadde ein god arbeidsprosess med fordjupning og konsentrasjon, og kunne såleis laga 12 større og 12 mindre nye verk. Eit av verka var installasjonen, Så lenge skuta kan gå....., 750 små raude båtar hangande frå taket over ei flate av grovt kvitt salt, bredde 1,86m lengde 5,60m.

Eg fekk studert ein heil del om den norske utvandringa til Amerika og mykje kring dei norske flyktningane i Finnmark i 1944. 9 av arbeida var laga etter foto av desse og etter avisfoto av flyktningar i dag.



### Bryggens Museum som visningstad for kunst:

Ved å visa på Bryggens Museum nådde eg eit langt større og meir variert publikum enn på eit vanleg galleri. Det er fleire utstillingar og arrangement der samstundes, me kunne såleis dra vekslar på kvarandre. Publikum var variert frå skuleelevar, eldre, kunstinteresserte, forbausande mange turistar, og mange kjente av meg. som ikkje har for vane å gå på kunstutstillingar, frå Ølve, Osterøy, Voss, Oslo m.m

Antal personar på utstillingsopninga laurdag 22. Okt: 117 personar

Antal personar på Kulturbar fredag 11. November: 59 personar

Antal personar på Kulturbar fredag 17. Februar: 109 personar

Totalt antal skuleelevar/barnehagar på Bryggens Museum 22. Okt. – 19. feb: **1892** personar

Totalt antal besøkjande på Bryggens Museum 22. Ok – 19. feb: **9330** personar

### Formidling:

Formidlinga til skuleelevane vart gjort av museumspedagog Knut Høiaas, han knytte min utstilling til temautstillinga, HVOR KOMMER DU FRA? Folkevandring i Middelalderen, vist på Museet samstundes.

Museet hadde ikkje midlar til å løna meg for omvisningar, men eg var i utstillinga og snakka med publikum mange laurdagar og sundagar, og hadde mange andre omvisningar for kjentfolk.

Eg deltok med andre mindre arbeider på julemarked på museet 10. desember og hadde då fleire omvisningar i utstillinga. Museet arrangerte Kulturbar fredagane 11. novmber og 17. februar. Siste gongen var det annonsert med omvisning av meg i utstillinga. Også 11. nov viste eg rundt dei som var der. Eg hadde omvisning for 22 elevar og 3 lærarar frå Ølve Montessoriskule. Publikum som kom utanom dette, fekk ein brosjyre med tekst om utstillinga og billedliste med prisar. Planar om 2 sundagar der eg skulle ha familie workshops, vart ikkje gjort då Museet ikkje hadde lønsmidlar.

## Markedsføring og presse:

Utstillinga vart godt markedsført gjennom Museet og mine sosiale media og gjennom Bymuseet sine heimesider og marknadsføringskanalar, som Visit Bergen m.m. Vidare gjennom mine kanalar i Visp og HKS. Nokre plakatar vart spreidd.

Å koma gjennom i aviser er vanskeleg, Pressemelding vart sendt ut til mange.

*Grenda*, i Kvinnherad hadde ein fyldig forhåndsomtale og *BA* hadde saksa litt frå pressemeldinga. Seinare har avisa *Hordaland* hatt to artiklar med foto av arbeidet, *Heltar i Hardanger*. *Bergens Tidene* hadde, etter iherdig jobbing, eit foto på 2.sida av arbeidet, *Heltar i Hardanger*, då dei 3 aktivistane vitja utstillinga siste visningsveka. *Bygdadrøso*, eit blad i Ølve, har hatt ein omtale. Det vert ny artikkel til påske om samarbeidet med elevane på Ølve Montessoriskule og deira museumsbesøk.

## Samarbeid med andre:

*Vigdis Nilsen* vart invitert til å visa filmen sin, *Kampen om fjordane*, søndag 23.oktober, i auditoriet på Bryggens Museum. Ho og produsent Geir Netland var til stades og hadde god og informativ samtale med publikum etter visninga. Museet betalte henne honorar for dette.

*Ølve Montessoriskule* vart etter læraren sitt initiativ, involvert med å laga små båtar til installasjonen, *Så lenge skuta kan gå....*, ein del av båtene vart brukt i installasjonen og resten hengt i ei gruppe for seg i utstillinga. Dei kom til Bergen for å sjå, og hadde då omvisning i denne utstillinga og i utstillinga *Hvor kommer du fra?* Etter utstillinga var ferdig, vart båtene elevane laga, hengt opp i klasserommet i Ølve. Eg hadde ein dag der, då dei og fekk laga andre ting i streng. Dette gjorde eg utan betaling.



Ideen om foredrag på Bryggens Museum, med Bjørn Sverre Hol Haugen om bunader brukt som politisk markør, vart ikkje gjort p.g.a. manglande finansiering.

Musikk på opninga av og med Mari Kvien Brunvoll vart heller ikkje gjennomført av same grunn.

Opningstalen vart gjort vederlagsfritt av dekan Aashild Grana, og formidlingsleiar Janicke Larsen helsa velkomen frå Museet.

### Katalog:

Eg hadde ikkje midlar til å laga katalog medan utstillinga stod. Fotograf Pål Hoff dokumenterte alt. No arbeider eg vidare med å skaffa finansiering for å laga ein katalog/bok som og skal dokumentera andre arbeider eg har gjort. Tidlegare har eg ein katalog over arbeider frå 1990-2000.

Til utstillinga laga me ein 4siders brosjyre, med tekst av meg, layout ved Derya Gungor, og trykkinga betalt av Museet. I denne brosjyren og på plakaten stod det at utstillinga var støtta av Hordaland Fylkeskommune

### Salg:

Eit av arbeida på utstillinga vart siste visnings veka selt til Stord-, Fitjar- og Bømlo kommune som gåve til det nye legevaktbygget på Stord. Eg var nede og monterte det.



Det vart og selt 5 små arbeider frå utstillinga, og mindre arbeider for kr 6855, og postkort og lommedukar for kr 5390 i museumsbutikken. Til saman utbetalt til meg kr 39 338. Arbeida som var utstilt, hadde ein totalverdi på kr 880 400. I motsetning til eit privat galleri, har ikkje museet eit apparat som jobbar målretta med sal.

Etter initiativ frå andre arbeider eg no mot Hardangerrådet og Hardanger og Voss Museum for å finna kjøparar til verket, *Heltar i Hardanger*. Det hadde vore så rett om det arbeidet kunne fått ei fin plassering i Hardanger.



### Konklusjon:

Eg er taksam for invitasjonen til å stilla ut på Bymuseet, Bryggens Museum. Eg hadde ein produktiv og god arbeidsprosess, og samtalar undervegs med Anne Mette Prestegård og Tore Klyve frå museet. Dei ytte god hjelp med montering og lyssetting, Marknadsføringa fungerte.

Eg er glad for alle positive tilbakemeldingar og at utstillinga nådde så breidt ut til eit samansett publikum på heile 9330. På grunn av lokalpressa og mine kontaktar i distriktet, vart utstillinga sett av mange frå andre stader i Hordaland.

Nokre av verka skal eg stilla ut i Ølve frå 26.05 – 11.06. 2017. Vil arbeida for å få vist verka andre stader.

## Rekneskap for prosjektet Heim.

### Fordjupning, vidareutvikling og produksjon av nye kunstverk for Separatutstillinga Heim på Bryggens Museum, Bergen 22.10 2016 -19.02.2017. Arbeidsperiode 01.03. 2016- 01.03.2017.

Ein del av postane frå min søknad vår 2016 til Hordaland Fylkeskommune, er endra og noko er kutta ut på grunn av manglande finansiering. Budsjettet var då på kr 242 000. Eg fekk avslag på søknad om Prosjektstøtte Kulturrådet og NBK 2 gonger, og avslag om utstillingsstipend. Avslag på prosjektstøtte Bergen kommune 2016, då midlane var brukt opp. Har inne ny søknad til Bergen kommune no.

#### Inntekter:

Motteke frå Hordaland Fylkeskommune	17 000
Motteke frå Hjelpfondet NBK	20 000
Salsinntekter	39 338
<u>Totale inntekter</u>	<u>76 338</u>

#### Utgifter:

Materialer	14 855	
Materialer frå eige lager	5 000	
Handverktøy og små utstyr	2 880	
Leige av prosjektrum C Sundtsgt 5,5 mnd.	17 100	
Husleige og straum eigen verkstad USF 8 månader.	20 884	
Foto, til plakat og info	4 156	Thor Brødreskift
Foto dokumentasjon	11 250	Pål Hoff
Filmar til tekstiltrykk	3 950	Norlender Knitwear as
Trykk postkort og klistremerker	2 000	A7
Administrasjon og telefon	5 305	
Litteratur, media, aviser	9 674	
Reiser, i Bergen, til Ulvik, Oslo, og Ølve	10 104	
Assistent, Derya Gungor	6 000	
<u>Arbeids- møte, dugnadsmat og opning</u>	<u>6 607</u>	
<u>Totale utgifter</u>	<u>113 765</u>	

Dette gjev eit personleg underskot på kr 34 427

I tillegg :

Tap arbeidsinntekt Bryggens Kunstscole	6 800	Gav jobben min til vikar i haustsemesteret
Tap anna inntekt	<u>10 000</u>	Måtte sei nei til Airbnb gjester seinsommaren
<u>Totale personlege økonomiske tap</u>	<u>51 227</u>	

Som det går fram var det ikkje pengar til honorar for meg, og salsinntektene gjekk inn i prosjektet. Fleire arbeide dugnad med installasjonen, Så lenge skuta kan gå.....

Bryggens Museum har bidrege med markedsføring og montering, ikkje i pengar, men ved å gje sitt personal til ein verdi av ca 45 000 og ved å betala trykking av brosjyre og plakat.

Bergen 27.03 2017 Marta Nerhus